

# Verdier i Hamrabøvasstraet, i Suldal kommune i Rogaland

VVV-rapport 2000 - 3



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med  
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Rogaland

***Refererast som:***

***Suldal kommune og Fylkesmannen i Rogaland 2000. Verdier i Hamrabøvassdraget, Suldal kommune i Rogaland. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Noregs vassdrag- og energidirektorat. VVV-rapport 2000-3. Trondheim 30 sider, 6 kart+vedlegg.***

***Forside foto: "Hamrabøvassdraget", Elin Tjordal Haugen***

***Layout:Knut Kringstad***

**Verdiar i**  
**Hamrabøvassdraget, Suldal kommune**  
**i Rogaland**

**Vassdragsnr.: 036.B4Z**  
**Verneobjekt: 036/1**  
**Verneplan IV**

**VVV-rapport 2000-3**



<b>Tittel</b> <i>Verdiar i Hamrabøvassdraget</i>	<b>Dato</b> <i>sept.. 2000</i>	<b>Antall sider</b> <i>30s, 6 kart + vedlegg</i>
<b>Forfatter</b> <i>Elin Tjordal Haugen, Suldal kommune</i>	<b>Institusjon</b> <i>Fylkesmannen i Rogaland</i>	<b>Ansvarlig sign</b> <i>Per-Terje Haaland</i>
<b>TE-nr</b> <i>881</i>	<b>ISSN-nr</b> <i>1501-4851</i>	<b>ISBN-nr</b> <i>82-7072-388-6</i>
<b>VVV-Rapport nr</b> <i>2000 - 3</i>		
<b>Vassdragsnavn</b> <i>Hamrabøvassdraget</i>	<b>Vassdragsnummer</b> <i>036.B4Z</i>	<b>Fylke</b> <i>Rogaland</i>
<b>Vernet vassdrag nr</b> <i>036/1</i>	<b>Antall objekter/områder</b> <i>9 + beskrivelse av 2 kultur- minneobjekter</i>	<b>Kommuner</b> <i>Suldal</i>
<b>Antall delområder med: Nasjonal verdi (***)</b> <i>1 (friluftsliv, heile vassdraget)</i>	<b>Regional verdi (**)</b> <i>3</i>	<b>Lokal verdi(*)</b> <i>5</i>
<b>EKSTRAKT</b>		
<p>Hamrabøåna ligg i Suldal kommune. Vassdraga vart verna mot kraftutbygging i 1993, Verneplan IV.</p> <p>VVV-prosjektet (<i>Verdiar i verna vassdrag</i>) er initiert av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartleggje og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Suldal kommune, sammen med Fylkesmannen i Rogaland, har på oppdrag frå DN og NVE laget denne rapporten dokumentasjon av kjende verdiar i Hamrabøåna.</p> <p>Hamrabøåna vart verna på grunnlag av at det er peika ut som typevassdrag.</p> <p>Vassdraget er utan særlege tekniske inngrep, og det er av ein slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/ fauna som er typisk for regionen. Gjennom denne rapporten vil ein gje eit oversyn over verdiane i vassdraget, stadfesta dei og gje eit oversyn over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i verna vassdrag skal vita kva verdiar som finst.</p>		
<b>SUMMARY IN ENGLISH</b>		
<p><i>The Directorate for Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) have established a project "The values of nature protected areas". The Municipality of Suldal and County Governor of Rogaland has worked out this report of the natural values of Hamrabø watercourse, which is situated in the Municipality of Suldal in Rogaland. In 1993 this watercourse was protected against development of future water power plants. The main argument for this protection was that it represents the typical landscape, flora and fauna for the region.</i></p>		
<b>5 STIKKORD PÅ NORSK</b>	<b>5 KEYWORDS IN ENGLISH</b>	
<i>Prossesser og former skapt av is og vann</i>	<i>Geomorphology</i>	
<i>Biologisk mangfold</i>	<i>Biodiversity and ecology</i>	
<i>Landskapsbilde</i>	<i>Forms of landscapes</i>	
<i>Friluftsliv</i>	<i>Outdoor recreation</i>	
<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	<i>Cultural Heritage and the Historical Landscape</i>	

## FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet ”Verdiar i verna vassdrag” (VVV-prosjektet). Føremålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærrområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger streka under at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag, vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det òg finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Informasjonen i rapportane vil seinare verte tilgjengeleg med digitale kartdata over Internett eller frå fylkesmannen. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg hovudsakleg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Hamrabøåna har sidan vedtak i Stortinget 1. april 1993 vore verna mot vasskraftutbygging. Utarbeidinga av denne rapporten er utført i Suldal kommune i samarbeid med miljøvernavdelinga ved fylkesmannen i Rogaland. Rapporten presenterer god og oppdatert dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Hamrabøåvassdraget.

Trondheim-Stavanger-Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning  
naturbruksavdelingen*

*Norges vassdrags- og energidirektorat  
vannressursavdelingen*

*Ola Skauge  
avdelingsdirektør*

*Are Mobæk  
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Rogaland  
miljøvernavdelinga*

*Odd Kjos-Hansen  
Fylkesmiljøvernsjef*



# INNHALD

## FØREORD

## SAMANDRAG

<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
1.1 GENERELL SKILDING AV HAMRABØVASSDRAGET .....	11
1.1.1 <i>Klima</i> .....	11
1.1.2 <i>Inngrepsstatus</i> .....	11
1.1.3 <i>Verna vassdrag i kommuneplanen</i> .....	12
1.2 AREALOPPLYSNINGAR .....	13
1.3 HYDROLOGISKE OPPLYSNINGAR .....	13
<b>2 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN</b> .....	<b>14</b>
2.1 VASSDRAGSELEMENT .....	14
2.2 GEOFAGLEGE ELEMENT .....	14
2.2.1 <i>Bergrunnsgeologi</i> .....	14
2.2.2 <i>Geomorfologi</i> .....	15
2.2.3 <i>Kvartærgeologi</i> .....	15
2.3 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE.....	15
<b>3 BIOLOGISK MANGFALD</b> .....	<b>15</b>
3.1 VASSKVALITET .....	15
3.2 FERSKVASSBIOLOGI.....	16
3.3 FISK .....	17
3.4 VEGETASJON, BOTANIKK OG NATURTYPAR.....	17
3.5 VILT.....	18
3.6 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE.....	19
<b>4 LANDSKAPSBILETE</b> .....	<b>19</b>
4.1 LANDSKAPSREGION OG SÆRPREG .....	19
4.2 KULTURLANDSKAP .....	19
4.3 UTVALDE OMRÅDE MED VERDIFULLE KULTURMINNER .....	19
4.4 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE.....	19
<b>5 FRILUFTSLIV</b> .....	<b>20</b>
5.1 FRILUFTSOMRÅDE .....	20
5.2 HYTTER, STINETT. ....	20
5.3 JAKT OG FISKE .....	20
5.4 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE.....	20
<b>6 KULTURMINNE</b> .....	<b>21</b>
6.1 KULTURMINNE I HAMRABØVASSDRAGET.....	21
6.2 ANDRE KULTURMINNE .....	24
6.3 UTVALDE DELOBJEKT .....	25
<b>7 LANDBRUK</b> .....	<b>26</b>
7.1 Busetjing.....	26
7.2 PRODUKSJON OG NÆRINGSGRUNNLAG .....	27
<b>8 AKTUELLE TRUGSMÅL</b> .....	<b>27</b>
<b>9 MANGLANDE KUNNSKAP</b> .....	<b>27</b>
<b>10 LITTERATUR</b> .....	<b>28</b>
<b>11.KRITERIER NYTTA I RAPPORTEN</b> .....	<b>29</b>



**12 TEMAVISE KART ..... 30**

Kart 1. Differensiert forvaltning

Kart 2 Kwartærgeologi

Oversikt over delområde

Kart 2. Biologisk mangfald

Oversikt over delområde

Kart 3. Landskap

Oversikt over delområde

Kart 4. Friluftsliv

Oversikt over delområde

Kart 5. Kulturminne

Kart 6. Inngrepsfrie område

**VEDLEGG:**

*Artsliste for fugl i Hamrabøvassdraget ( Håland og Ugelvik 1990)*

## SAMANDRAG

Hamrabøvassdraget ( vassdragsnummer 036.B4Z) ligg i Suldal kommune i Rogaland. Det er eit av fem vassdrag i Rogaland som vart vurdert under verneplan IV som vart vedteken 1992. Hamrabøåna vart verna på grunnlag av at det er peika ut som typevassdrag.

Vassdraget er utan særlege tekniske inngrep, og det er av ein slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/ fauna som er typisk for regionen. Gjennom denne rapporten vil ein gje eit oversyn over verdiane i vassdraget, stadfesta dei og gje eit oversyn over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i verna vassdrag skal vita kva verdier som finst.

Rapporten inneheld 5 grupper av fagtema.

Kap. 1.0 Prosessar forma av is og vatn

Kap. 2.0 Biologisk mangfald

Kap. 3.0 Landskapsbilete

Kap. 4.0 Friluftsliv

Kap. 5.0 Kulturminner

Desse faglege temane vert vurdert etter VVV- faglege kriterier (hovud- og delkriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sortert etter 3 verdikategoriar:

Nasjonal verdi (\*\*\*)

Regional verdi ( \*\*)

Lokal verdi ( \*)

Prosessar og former	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Hamrabø	*	2	God	15
2. Svartavatnet	*	2	God	15
3. Svinstølen	*	2	God	15
4. Borgarbu	**	2	God	15

Biologisk mangfald	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1.Hamrabø/Lali	**	3	God	17
2.Kilavatn	*	3	God	17
3. Svinstøl	*	3	God	17

Landskapsbilete	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
Heile vassdraget	**	4	God	19-19

Friluftsliv	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
Heile vassdraget	***	5	God	20-20

Kulturminne	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
Hus bygd før 1900 (SEFRAK)	Ikkje vurdert	6	God	21-24
Arkeologiske funn	Ikkje vurdert	6	God	24

## 1 INNLEIING

Noregs vassdrags- og energiverk ( NVE) og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjera kunnskapen om verna vassdrag tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar desse områda. Verna vassdrag er område som har eit spesielt forvaltningsansvar og Stortingets energi- og miljøkomite vedtok i Innstilling nr. 114 5. Februar 1997 at verneverdiane i verna vassdrag bør sikrast gjennom lov.

Gjennom " VVV- prosjektet" vil ein prøva å gje eit oversyn over verdiane i vassdraget, stadfesta dei, kvantifisera og gje eit oversyn over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, skal vita kva verneverdiar som eksisterer. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad kan forhindrast.

Stortinget har verna 341 vassdrag mot utbygging slik at eit særpreg av vassdragsnaturen i Noreg vert teken vare på for framtidige generasjonar. Desse vassdraga dekkjer om lag 1/3 av arealet i Noreg. Målet med vernet er at aktivitet innanfor vassdraga ikkje skal redusera verneverdiane og at myndigheitene på ulike plan har styring med og kjennskap til kva som skjer.

Hamrabø- vassdraget er verna som eit *type vassdrag*. Dette vil sei at vassdraget er utan særlege tekniske inngrep, og det er av ein slik storleik at det representerer eit landskapsbilete og flora/ fauna som er typisk for regionen. Måla for forvaltninga i dette området vil vera å ta vare på landskapsbiletet, og sørgje for ei streng vurdering når det gjeld direkte inngrep som påverkar elveleiet sine hovudformer.

I St. prp. 118 ( 1991- 92) er verneføremålet begrunna slik:

"Kontaktutvalget viser til at vassdraget er velegnet for tradisjonelt friluftsliv sommer og vinter, og kulturminnene er rike. Kraft ressursene sees særlig i forbindelse med en opprustning og utvidelse av Saudaverkene. Nedbørsfeltet er del av et større uberørt område i en region preget av kraftutbygging, og vassdraget har stor typeverdi."

### **Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag**


Rikspolitiske retningslinjer ( RPR) for verna vassdrag er gjevne ved kongeleg resolusjon av 10. november 1994, jf. Plan og bygningslova ( PBL) av 14. Juni 1985 § 17-1, første ledd. RPR gjeld for vassdrag som er omfatta av Verneplan I-IV. Retningslinjene gjeld for vassdragsbeltet, dvs hovudelvar, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs sidene av desse. Dersom det i andre delar av nedbørsfeltet er fagleg dokumenterte verdiar som har innverknad på verneverdiane til vassdraget, vert desse områda også råka av RPR.

Nasjonale mål for forvaltning av verna vassdrag seier i RPR at det skal leggjast vekt på å :

1. unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilete, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø
2. sikra referanseverdien i dei mest urørte vassdraga
3. sikra og utvikla friluftsliv- verdien, særleg i område i nærleiken av befolkningskonsentrasjonar
4. sikra førekomstar/ område i nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har betydning for verneverdien i vassdraga
5. sikra dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der desse var ein del av grunnlaget for vernet

## 1.1 Generell skildring av Hamrabøvassdraget

Hamrabøåna ligg i Suldal kommune i Rogaland. Åna drenerer den austlege delen av platået mellom Saudafjorden og Suldalsvatnet. Lingvangelva, som også vert vurdert under verneplan IV, ligg vest for vassdraget. Nedbørsfeltet er omlag 42 km<sup>2</sup>, og Skaulen er høgaste toppen i feltet med 1538 m.o.h. Utløpet er i Suldalsvatnet som ligg på 68 m.o.h. Området høyrer til naturgeografiske region 35 a og 37 b; Fjord og heiområde i Ryfylke ( NOU 1991:12 B).



### 1.1.1 Klima

Middeltemperaturen for kaldaste månad ligg på mellom -1og -2 C°, medan middeltemperaturen for varmaste månad er 15,5°C. Årsnedbøren for Suldalsvatnet er 1646 mm, medan høgreliggjande strøk kan ha ein nedbør på 2000 mm.

### 1.1.2 Inngrepsstatus

Den menneskelege aktiviteten synes å ha vore stor i tidlegare tider. Det er registrert mange uteløer og gamle stølar i området, men desse er ikkje i drift i dag. Bygda fekk først køyreveg opp i frå Suldalsvatnet i 1978, og no går vegen opp til bruket Tveit. I den seinare tid er det opparbeida landbruksveg opp til Kilavatn til eit dyrkingsfelt. Det går også ein landbruksveg opp i frå Havrevoll med mål på å kunna dyrka lenger oppe i lia.

På Tveit, det øvste bruket, er det bygd eit mikrokraftverk med eit fall på 70 meter og som har ein årleg produksjon på 70 kWh. Kraftverket er godt tilpassa landskapet ved at det er utforma som eit kvernhus med torv på taket. Det vert levert kraft til Suldal elverk.

I bekken ved Holmavatnet er det ein vassleiar for å kunna leia meir vatn til jordvatningsanlegget i Havrevollsbekken, men dette har ikkje vore i bruk på mange år. Det er også eit drikkevant- og jordvatningsinntak i Tverråna, i tjørna nedanom Kilavatn og i bekken frå Holmavatn.

( sjå kart 7 over inngrepsfrie område)

### 1.1.3 Verna vassdrag i kommuneplanen

Hamrabøvassdraget er regulert til LNF område i kommuneplanen 1998-2010. I nedre del er det tillate med spreidd bustadbygning på inntil 3 bustadar. Det er også regulert inn 4 hytteområde.

Rikspolitiske retningsliner tilrår å differensiere forvaltninga av vassdragsbeltet etter registrerte verneverdiar og arealtilstand. Klassane går i frå 1-3 alt etter kor omfattande inngrep det er i området. Dei tre klassane er:

#### **Klasse 1**

*Kjennemerke-* vassdragsbelte i og ved byar og tettstader, som har eller kan få mykje å seia for friluftslivet.

*Forvaltning-* inngrep som er til skade for pedagogiske verdiar, friluftsverdiar medrekna fiske og framkomstilhøve i og langs vassstrengen, eller opplevingsverdiar, bør unngåast.

#### **Klasse2**

*Kjennemerke-* vassdragsbelte med moderate inngrep i sjølve vassstrengen, og der nærområda består av utmark, skogbruksområde og jordbruksområde med spreidd busetnad.

*Forvaltning-* Ein må søkje om å ta vare på hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs vassstrengen og i dei områda som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, bør unngåast. Leveområdet for trua plante- og dyreartar og mindre område med store verneverdiar bør få særleg vern.

#### **Klasse 3**

*Kjennemerke-* Vassdragsbelte som er lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet, og som difor har stor opplevingsverdi og vitskapeleg verdi.

*Forvaltning-* Det er svært viktig å ta vare på naturen sitt preg av å vera lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet. Alle former for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngåast.

Vasskvalitet og naturleg vassføring må haldast oppe så langt som råd er, og ein må freiste å unngå alle former for inngrep som reduserer verdien for vassdraget.

Suldal kommune innførte differensiert forvaltning av verna vassdrag i kommuneplanen 1998- 2010. Nedre delar av vassdragsstrengen, i frå Suldalsvatnet til høgdekote 600, er landbruks-, natur- og friluftsområde der klasse 2 føresegner i RPR- gjeld. I øvre delar av vassdraget og nedbørsfeltet opp mot fjellet er natur- og friluftsområde der RPR- klasse 3 gjeld. Vassdraget har ingen element av klasse 1.

Som tidlegare nemnt gjeld retningslinene i 100- meters beltet. I kommuneplanen er klasse 3 området avmerkt som eit heilt område, i praksis er det berre 100- meters beltet som vert råka av føresegnene om det ikkje er andre verdiar innanfor nedbørsfeltet. Klasse 2 området er berre markert med symbol for vassstrengen, her kan ein leggja på 100- meterssoner.

Heile vassdraget er i følgje PBL § 20- 4 1. ledd, nr 2 lagt ut til LNF område. I nedre del av vassdraget, klasse 2 området, seier reguleringsføresegnene at spreidd busetjing kan tillatast. I og med at det er lagt ut til LNF- område kan ein ikkje gje nærare føresegner med bindande rettsleg verknad i LNF- området for utbygging som er knytt til stadbunden næring( §20-2, andre ledd bokstav c). Heller ikkje føresegner om 100- meters-beltet langs vassdrag ( § 20-4 andre ledd bokstav a) og f)) vil heimle forbod mot tiltak og anlegg som har direkte tilknytning til tradisjonell landbruksverksemd. Dette inneber at LNF- områda ikkje regulerer fysiske tiltak som har samanheng med vanleg landbruksverksemd, m.a. landbruksbygg, landbruks-/ skogsvegar, masseuttak til husbehov og liknande. Derimot vil byggje- og anleggstiltak som ikkje er i ledd i stadbunden næring, i utgangspunktet vere i strid med planen og dermed vera forbode. Verksemd som har samanheng med

landbruk, natur og friluftsliv er regulert av sektorlovgevinga. I dei fleste tilfelle vil det ikkje vere konflikt mellom landbruks-, natur- og friluftinteresser.

## 1.2 Arealopplysningar

Vassdraget har eit nedbørsfelt på 42 km<sup>2</sup> ( NOU 1991), og areala fordelar seg over følgjande klassifisering:

Jordbruksareal ( dyrka og beite)	0,5 km <sup>2</sup>
Skog	2,8 km <sup>2</sup>
Vatn	1,9 km <sup>2</sup>
Fjell og anna areal	36,8 km <sup>2</sup>

## 1.3 Hydrologiske opplysningar.

Åna drenerer den austlege delen av plataet mellom Saudafjorden og Suldalsvatnet, og har utløp i Suldalsvatnet ved Lali om lag 68 m.o.h. Hamrabøåna har sine kjelder opp i mot 1500 m.o.h der dei to største vatna, Øyvatnet og Vetratjørna ligg. Elvane frå desse to vatna, renn først saman under tregrensa ved Vasslivatnet. Etter samløpet renn Hamrabøåna mot søraust gjennom ein open dal ned til Hestatjørna og vidare til Kilavatnet.

Dei viktigaste sidebekkane nedover vassdraget er bekk frå Holmavatnet i frå aust, med innløp til Kilavatn, og Havrevollsbekken og Tverråna i frå vest. Dei to sistnemnde har innløp ved Hamrabø. Tverråna er det største sidevassdraget og kjem ut av Svartavatnet som er det største vatnet i nedbørsfeltet (NOU 1991).

Middelvassføringa i åna ligg på 3.45 m<sup>3</sup>/sek ( 167 Samla plan).

**Tabell 1 Oversyn over elvar og vatn i nedbørsfeltet til Hamrabøåna**

Vatn	m.o.h.	Areal
Øyvatnet	985	0,3 km <sup>2</sup>
Vetratjørna	979	0,2 km <sup>2</sup>
Kilavatnet	509	0,03km <sup>2</sup>
Vasslivatnet	625	0,2 km <sup>2</sup>
Svinstøltjern	623	0,1km <sup>2</sup>
Skardavatn	675	0,1 km <sup>2</sup>
Holmavatnet	646	0,1 km <sup>2</sup>
Klenavatnet	670	0,05 km <sup>2</sup>
Svartavatnet	741	0,02 km <sup>2</sup>
Vasstølvatnet	665	0,8 km <sup>2</sup>

## 2 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN


### 2.1 Vassdragselement

Hamrabøåna renn i to ulike regime ( Rye m.fl. 1991). Ovanfor Hamrabø er landskapet prega av mindre høgdeforskjell enn nedanfor der den fell bratt ned mot Suldalsvatnet. Ei stor elvevifte skil Vasslivatnet og Svinstølvatnet, og frå Vasslivatnet til Kilavatnet renn elva relativt roleg. Elvestrekninga nedover mot Kilavatnet består av fleire små basseng som er skilt med små stryk. Dei fleste bassenga er fylt opp med sediment, og det er utvikla mange små delta. Både Svinstølsvatnet og Kilavatnet er svært grunne, største djup for Svinstølsvatnet er 2 m ( Åtland og Kambestad 1992). I dei nedre delane av åna renn ho i stryk med svært grovt materiale i elveleiet. I desse delane kan ein finna jettegryter.

### 2.2 Geofaglege element

#### 2.2.1 Bergrunnsgeologi

Berggrunnen i Hamrabøvassdraget består av grunnfjell av prekambriske bergartar, over dette er det eit belte av kambro-ordoviciske bergartar, og toppane er dekkja av kaledonske overskjøvne kompleks ( Sigmund 1978). Grunnfjellsbergartane dominerer i frå låglandet til stølssområda, og er hovudsakleg massiv granitt som stort sett er næringsfattig. Ovanfor stølssona ligg beltet med kambro-ordoviciske bergartar. Dette er metamorfe pelittiske bergartar som svart fylitt. Fylitten gir næringsrik tilslig til vegetasjonen i stølssona. På toppane nord for Vasslivatnet er det kaledonske bergartar som hovudsakleg består av gneis.



**Figur 2.1** Hamrabøvassdraget ligg i grensesona mellom det sørnorske grunnfjellsområdet og den kaledonske fjellkjedesona. Mellom desse laga, ovanfor stølssona, finn ein kambro- ordoviciske bergartar som fylitt.

## 2.2.2 Geomorfologi

Hamrabødalen er hengjande i forhold til Suldal. Grenda Hamrabø ligg i ei gryte/ dalform i landskapet som er danna på grunn av to forkastningar som kryssar kvarandre. Hamrabøåna renn langs ei forkastningssone mot søraust. Dalføret er mindre skore ned enn det som er vanleg i området. Ved Vasslivatnet går ei forkastningssone gjennom stølsdalen i vest- austleg retning. Den nordlege sida er løfta i forhold til den sørlege. Fjellsidene reiser seg fleire stader som ein vegg over dalen. Dette kan skuldast forkastinga, eller at gneisen nord for dalen er meir resistent for nedbryting enn fyltitten som ligg under. Ovanfor stølsdalen vert terrenget meir prega av høgfjell med breie, opne og hengjande dalar, som vekslar med høge toppar ( 1300-1600 m.o.h.). Slettedalen er eit godt eksempel på ein slik hengjande dal. I området ved Venaheia er det ein forkasting i retning nordvest- søraust. Landskapet er svært kupert og har preg av selektiv erosjon, særleg langs sprekker og forkastningar (Rye m.fl. 1991).

## 2.2.3 Kvartærgeologi

I Hamrabø grenda er det ein del moreneavsetjingar i dalsida, og ei lita elveslette nedst i grenda (1) (Rye m.fl. 1991). Desse avsetjingane dannar grunnlaget til busetjinga i området. I dalføret mellom Hamrabø og Vasslivatnet er det ein del morene- og myravsetjingar, og ved vatnet nedanfor Hestakvelven, Svartavatnet, er det ei glasifluvial avsetjing ( 2). Ved Svinstølen er det relativt mykje lausmassar, dette er truleg mest fluviale avsetjingar som er danna i postglasial tid. I dette området er det og ein avlang avsetjing med fjellkjerne som kan vera ein drumlin (3). I området mellom Svinstølen og Borgarbu er det glasifluviale terrassar som er svært mektige, dette kan ein særleg sjå rundt Borgarbuhaugen der det er djupe raviner i lausmassane (4) (Selsing 1983). Elles er det registrert små og spreidde botn moreneavsetjingar, bekkevifter og mindre skredavsetningar i området. Botnmorenane finn ein i forseinkingar i terrenget. Marin grense ligg på omlag 80 m.o.h.

## 2.3 Verdigradering av delområde

Nr	Namn delområde	Objekt	Grad	Hovud kriterium					Støtte kriterium			
				Urørt	Historisk-dokument	Mang - fald	Typisk	Sjeldan	Sårbar	Del av system	Forsking	Pedagogisk
1	Hamrabø	elveslette	*			*						*
2	Svartavatnet	avsetjing	*	*								
3	Svinstølen	drumlin	*		*							
3	Borgarbu	terasse	**	*	*							*

## 3 BIOLOGISK MANGFALD

### 3.1 Vasskvalitet

Vasskvaliteten er undersøkt av Rådgivande Biologer AS i 1992 i samband med Saudautbygginga ( Bjørklund m. fl. 1992). Dei øvre delane av Hamrabøvassdraget er næringsfattige og sure, dette skuldast dei harde og sure bergartane, pH- verdien der ligg mellom 5,0 og 5,5. Nedover i vassdraget betrar forholda seg og pH ligg mellom 5,5 og 6,0. Dette tydar på bra forhold for fisk i denne delen av vassdraget. Den syrenøytraliserande kapasiteten ( ANC) er god og ligg på om lag 20. Kilavatnet har noko lågare ANC, medan Hamrabøåna før Tveit og Havrevollsbekken har vesentleg høgare syrenøytraliserande kapasitet. Heile vassdraget er påverka av sjøsalt, særleg dei nedre delane

Det vart ikkje registrert konsentrasjonar av labilt aluminium som vil vera skadeleg for fisk og botndyr, dersom ein ser verdiane i samanheng med pH og konsentrasjonar av kalsium.



Vassdraget var tydeleg påverka av kloakk og forureining frå jordbruk. Gjennomsnittskonsentrasjonane av totalfosfor var spesielt høge ved Havrevollsbekken med 11 µgP/l, men verdiane var og høge i Kilavatn. Vassdraget hadde elles verdiar på og under 2,5 µgP/l, som er forventa. Gjennomsnittskonsentrasjonane for nitrogen var og høge ved Havrevollsbekken med 423 µgN/l. Dette fører til høgare konsentrasjonar ved utløpet til Hamrabøåna, men Kilavatnet hadde og høgare verdi enn venta. Resten av vassdraget hadde lågare og under 200 µgN/l.

Forureining frå menneskeleg aktivitet synes å vera det største problemet i vassdraget, særleg tilførsel frå jordbruk og kloakk til Havrevollsbekken. Dei nedre delane av vassdraget var prega av jordbruksforureining som gav høge nærings salt konsentrasjonar, særleg vår og sommar. Kilavatnet har og preg av å vera næringsrikt då vatnet er prega av gjenngroing av elvesnelle og flaskestarr. I dei øvre delane av Hamrabøvassdraget er konsentrasjonane av nærings salt låge om sommaren og litt høgare seinare på hausten. Dette er normalt for eit lite påverka system.



**Figur 3.1.** Kilavatnet har preg av å vera næringsrikt då vatnet er prega av gjenngroing av elvesnelle og flaskestarr

### **3.2 Ferskvassbiologi**

Ferskvassbiologiske undersøkingar vart utført av Rådgivande Biologar AS ( 1992) og Raddum og Fjellheim ( 1990) i samband med Verneplan IV.

Rådgivande biologar såg på begroingsalgar, og undersøkingane synte at vassdraget hadde god vasskvalitet. Begroing av vanlege artar som kiselalgar ( *Eunotia spp.* og *Tabellaria flocculosa*) og blågrønnalgar ( *Tolypothrix distorta v. Penicillata*, *Stigonema mamillosum*, *Phormidium sp.*) dominerte haust og vår, medan grønnalgar av typen *Desmidiaceae* dominerte på våren

Vasskvalitet vart undersøkt i området der Havrevollsbekken går ut i åna. Målingane viste at vatnet ikkje var tilrådeleg som drikkevatt. Både termotolerante *E. Coli* og koliforme bakteriar hadde høge verdiar.

Rådgivande biologar påviste 35 artar/ grupper av botndyr over 9 stasjonar i Hamrabøvassdraget. Dei påviste 5 artar døgnfluer, 10 artar steinfluer og 6 artar vårfluer. Blant vårfluene dominerte *Baetis rhodani*, medan det og fanst mindre vanlege artar som *Heptagenia sulphurea*. Steinflua *Diura nanseni* og vårflua *Thyacophla nubila* fans over det meste av vassdraget. Elles så kan ein nemna at det fanst store mengder av *Chironomidae* og *Oligicheta*.

I samsvar med dei kjemiske parametrane var vassdraget lite forsura. Faunaen inneheldt fleire forsuringssvare artar som steinflua *Diura nanseni* og vårflua *Apatania sp.* Døgnfluene er generelt veldig vare for forsuring. Småmuslingar og *Crenobia alpina* vart og funne.

Faunaen i vassdraget er generelt variert, men det er ikkje funne særskilde artar eller samfunn.

### 3.3 Fisk

Rådgivande Biologar utførte i 1992 fiskeundersøkingar i Hamrabøvassdraget, og Alf Odden laga i 1998 ein fiskestellsplan for dei største vatna i nedbørsfeltet. Andre kjelder er Lien (1991).

Aure er det einaste fiskeslaget i vassdraget. Alle lokalitetane ligg i område med harde og sure bergartar og fleire av dei høgreliggjande vatna er fisketome. I dei vatna der det er tette bestandar vil enkle tiltak for å fiska ut raskt kunna gi betre kvalitet på fisken (Odden 1998).

I sjølve åna ved Hamrabø er det eit 400m langt strekke der det finst bekkeare. Denne stammen kan ikkje vandra oppover på grunn av bratte stryk ved Tveit og strekningen ned mot Suldalsvatnet er og stengt.

**Tabell 2 Oversikt over vatna i Hamrabøvassdraget med bestandsstatus**

Vatn	Bestandsstatus	Kvalitet	K-faktor	Litteratur
Øyvatnet	Tapt			( Odden 1998)
Vetratjønn	Tapt			( Odden 1998)
Vasslivvatnet	Overfolka	Middels	1.1	( Jastrey 1995, Odden 1998)
Svinstølstjønn	Overfolka	Middels	1.0	( Åtland og Kambestad 1992, Jastrey 1995)
Klenavatnet	Overfolka	Middels	1.0	( Åtland og Kambestad 1992)
Skaravatnet	God	God	0.96	(Eidnes 1984)
Svartavatnet	ukjent			
Kilavatnet	Overfolka	Middels	0.98	( Åtland og Kambestad 1992)

### 3.4 Vegetasjon, botanikk og naturtypar

Botaniske undersøkingar vart gjort i samanheng med Sauda- utbygginga av Arvid Odland sommaren 1991 (Odland 1991).

Hamrabøvassdraget ligg i eit utprega oseanisk område med milde vintrar og humid klima. Middeltemperatur for kaldaste månad ligg mellom -1 og -2 °C, og årsnedbøren ved Suldalsvatnet ligg på 1646 med ( 300 m.o.h) Høgreliggjande strøk kan ha ein midlare årsnedbør på over 2000 mm. Middeltemperaturen for varmaste månad ligg på rundt 15,5 °C.

Vassdraget kan delast inn i 3 vertikale vegetasjonssoner: mellomboreal, nordboreal og alpin sone. Mellomboreal kan karakteriserast med bjørk og gråorskogar, med innslag av ask og hassel og enkelte flekkar er tilplanta med gran. Øvre grense for nordboreal sone utgjer den klimatiske skoggrensa, i Hamrabø ligg denne på 800 m.o.h.

Vegetasjonen i nedbørsfeltet er artsfattig og består av lite kravfulle artar. Gneis og granitt utgjer det meste av berggrunnen i området, og desse bergartane gir ikkje særleg gunstige vilkår for vegetasjonen i området.

Det er funne 203 artar av karplanter. I dei fleste vegetasjonstypene finn ein typiske kystplanter som bjønnekam, smørtelg, kystmaure, rome, heisiv og poseulyng. Fjellplantefloraen er stort sett fattig, men i beltet med metamorfe pelittiske bergartar ovanfor stølane finna ein også artar som er litt meir krevjande som bjønnbrodd, sveltull, korallrot, brunklomose og stjernemose (3).

Meir spesielle område finn ein ved Kilavatn, og andre småvatn med grunne område der det er frodig vassvegetasjon dominert av flaskestarr og elvesnelle (2). Ved Kilavatnet er det og eit rikmyrssig med reinrose, flekkmure dvergsoleie og bekkesildre, det same er det ved Vasstøl med artane med gulstarr, hårstarr, tranestarr, grønstarr, myrsnelle, og gulsildre. Ned mot dei fossrøyk påverka lokalitetane ved utløpet mot Suldalsvatnet er *Racomitrium aciculare*, *R. fasciculare* og *Marsupella emarginata* vanlege. Av mosar i dette området finn ein blant anna *Anthelia juratzkana* og *Kiaeria blyttii*.

Områda i frå Hamrabø bygda og ned til Suldalsvatnet er påverka av menneskeleg aktivitet der areal vert slått og beita av husdyr. Kulturlandskapet i Hamrabø er avhengig av skjøtsel i frå landbruket. I dette området finn ein kydlestuvar av ask, alm og lind. Rundt innmarka er det store arealer med beite og det er registrert fleire kulturmarkstypar som er temmeleg artsrike. Det er blant anna funne sjeldne artar som skjoldbærar og trollurt. Det meste av areala prega av sterk gjødsling (1).

### 3.5 Vilt

Opplysningane om viltet er henta i frå viltkartet til Suldal kommune som vart revidert i 1998. "Viltobs" delen av dette kartet inneheld informasjon om truga og sårbare artar etter den norske raudlista, andre artar med spesiell kommunal/ regional verdi og viktige område for hjortevilt.

Hamrabøvassdraget har eit rikt dyreliv og av hjortedyra er det reinsdyr og hjort som er mest vanlege i dette området. Reinsstamma er etterkommarar av tamrein som vart kjøpt inn for Skaulen villreinområde i 1973. I 1992 vart det ved flyteljing observert 45 dyr. Hjorten har og gode biotopar i vassdraget. Han har etablerte trekkveggar i dei lågareliggjande strøka av vassdraget og trekkjer utover mot Vanvik om vinteren.

Området har mange bratte skrentar og fjellhyller som er godt eigna hekkeområde for fleire av rovfuglane våre. Kongeørna dreg nytte av dei bratte fjellveggene til hekking. Ein reknar med at 3-4 ørnepar deler heile Hylsfjordheia mellom seg, og det er registrert ein hekkeplass innanfor vassdraget. Fjellvåk er eit vanleg syn, medan jaktfalken er observert, men det er ikkje stadfesta hekking innanfor vassdraget. Hubro er registrert, og smålomen hekkar ved dei små vatna i vassdraget.

Dei grunne vatna utgjer gode habitat for vadefugl, men det er registrert få artar, og strandsnipa er den vanlegaste (Håland og Ugelvik 1990).

Alle dei fire hønsefuglartane som er vanlege i regionen finst i området. Dette er både lirype og fjellrype, storfugl og orrfugl. Av jaktbart småvilt finst og hare.

Fullstendig artsliste i frå Håland og Ugelvik sine undersøkingar er synt i vedlegget.

### 3.6 Verdigradering av delområde

Nr	Namn delområde	Objekt	Grad.	Hovud kriterium				Støtte kriterium			
				Urørt	Sårbar	Sjeldan	Variasjon Mangfald	Biologisk-funksjon	Areal - storleik	Forsking	Pedagogisk
1	Hamrabø/Lali	Slåttemark	**			*	*	*			*
2	Kilavatn	Vassveg.	*				*	*			
3	Svinstøl	Vegetasjon	*				*				

## 4 LANDSKAPSBILETE

### 4.1 Landskapsregion og særpreg

Hamrabøvassdraget er ein del av eit større heiområde mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø. I rapporten " Vakre landskap i Rogaland" vert dette landskapet fastslått til å ha nasjonal interesse og svært høg landskapsverdi (Hettervik 1996).

"Heiområdet har et vilt og særpreget landskap med slående kontraster mellom fjord og fjell, kulturelementer og natur. De enkelte elementene er harmonisk tilpasset kvarandre. Området er frodig og variert med store vassdrag i tronge elvegjel og rolege, opne terrengformer med et særleg velholdt og verdifullt stølslandskap. Oppe i selve høgheia er det fleire mektige og karakteristiske fjelltoppar, og en rekke store og små vatn gir variasjon og særpreg. Fråvær av store tekniske inngrep gjør heiområdet egna til typeområde."

### 4.2 Kulturlandskap

I den nasjonale registreringa av kulturlandskap i Rogaland vert bygda Hamrabø peika ut til å vera eit høgt prioritert område ( FM- MVA 1994) . Det er først og fremst den store massen av kulturminner som gjer til at bygda peikar seg ut. To av bruka har nærare heile bygningsmassen som var vanleg på eit gardstun i tidlegare tider intakt. Dei fleste av bygningane på bruka vert nytta i dag, og det har vorte gjort enkelte endringar. Heia er også særprega med det store miljøet med utløer.

### 4.3 Utvalde område med verdifulle kulturminner

Ved Tverråna finst det eit miljø med tre kverner, to korntørkehus, slipestein og sag. Ved utløpet til Suldalsvatnet er det eit verdifullt naustmiljø.

### 4.4 Verdigradering av delområde

NR	Namn delområde	Grad.	Hovud kriterium				Støtte kriterium			
			Heilskap	Inntrykksstyrke	Variasjon	Sårbar	Urørt	Sjeldan/Særpreg	Typisk	Historisk-dokument
	Hamrabøvassdraget	***	*	*	*		*			

## 5 FRILUFTSLIV

### 5.1 Friluftsområde

I fylkesplanen for naturvern 1992-95 i Rogaland er heiområdet Lingvang- Tengesdal utmerka som eit større naturtypeområde der allmenne friluftslivinteresser bør prioriterast, heia i Hamrabø inngår i dette området. Området er karakterisert som eit allsidig fjord- fjellområde med lite inngrep. Naturområdet er av stor verdi i riks- eller fylkessamanheng, og det bør ikkje forekomma inngrep som reduserer naturverdiane. I *Norsk sti- og løypeplan* er det foreslått at område ikkje skal opparbeidast.

### 5.2 Hytter, stinett.

I Stavanger Turistforening si årbok 1998 vert Skaulen området presentert. Boka presenterer dei unike kultur og naturverdiane i område samt mange flotte turforslag, både sommar- og vinterstid. Sidan dette området er unikt i form av lite inngrep, vil dei ikkje merka stiane i dette området.

Utgangspunktet for turar i Hamrabøvassdraget er Hamrabø. Dette er den enklaste vegen å komma seg inn i området, og ein kan lett finna stiar som fører inn i området. Det er tilrettelagt for parkering på det øvste bruket. Årboka presenterer fire turforslag som er flotte både om sommaren og vinteren:

Hamrabø- Svinstølen- Nesflaten  
Hamrabø- Svinstølen- Skardstølen- Hamrabø  
Hamrabø- Skaulen  
Hamrabø- Kvanndalen- Tengesdal.

Suldal kommune har regulert inn 38 hyttetomter innanfor vassdraget. Dei fleste hytteeigarane er i frå Stavanger- og Haugesund distriktet. Dei fleste stølane i området vert nytta som hytter for lokalbefolkninga, eller dei vert leigd ut ( Fjeldstad m. fl.1992).

### 5.3 Jakt og fiske

Stangfiske er i hovudsak fritt, men ein bør kontakta grunneigar for både garn og stangfiske. I Skardavatn har retten til å fiska vore knytta til utleige av stølen på bruket Havrevoll, utan at det har vore nokon spesifisert pris for fisket. Omfanget av dette har kune vore mellom 5 og 10 personar i året ( Åtland og Kambestad 1992). Området har fleire vatn som det trengst fiska hardare i for å få ned overfolka bestandar, dette gjeld både Kilavatn, Svinstøltjørn, Kleinevatn og Grimsvatn. Det vert fiska litt med garn og stenger av fastbuande og hyttefolk i Svinstøltjørn, Kleinevatn og i Skardavatn. Ved Kilavatn og tjørna ved Hestakvelven vert det for det meste fiska med stang. Tidlegare fiska borna nede i sjølve grenda, men det har vore lite dei siste åra.

I området er det mogleg å jakta på både hjort, reinsdyr og rådyr. Minstearealet for hjort er 1500 daa, og for rådyr er det 1000 daa. I 1998 vart det gitt løyve til å fella til saman 11 hjort i nedbørsfeltet. Småviltjakta i området har middels til stort omfang.

### 5.4 Verdigradering av delområde

NR	Navn delområde	Grad.	Hovudkriterier				Støttekriterier		
			Urørt	Oppleving	Eigna	Bruken i dag	Tilgjengeleg	Naturkvalitet	Kulturkvalitet
	Hamrabøvassdraget	***		*	*			*	*

## 6 KULTURMINNE

### 6.1 Kulturminne i Hamrabøvassdraget

Kulturminne i Suldal er registrert i samanheng med SEFRAK -registreringa i kommunen som vart ferdig i 1992. Dette er ei registrering av faste kulturminner, som er jordfaste, og ikkje rørlege spor etter menneskeleg verksemd i frå forhistorisk tid og mellomalderen ( dvs. frå før reformasjonen i 1536). Kulturminne i frå oldtid og mellomalder, det vil seia før reformasjonen utgjer ei eiga gruppe med nemninga fornminne. Fornminna er automatisk freda etter kulturminnelova.

I samanheng med SEFRAK- registreringa er det utarbeida ein rapport - *Verneverdige hus i Suldal - Ein rapport om registrering av faste kulturminne i Suldal* (Ryfylkemuseet 1996). Rapporten har for det meste konsentrert seg om hus, og registeret er samla i ein database. For meir informasjon sjå også ENCO rapporten om Sauda- prosjektet- "Registrering av kulturminner og vurdering av konflikter med utbyggingsplanane" ( 1992).

Hamrabøvassdraget framstår som eit område som er uvanleg rikt på kulturminne. Heia gir eit godt og unikt bilete korleis ein nytta heia til gardsdrift i tidlegare tider. I heia i frå Indre Bjerga til Hamrabø er det registrert kulturminner ( 1983) som til saman omfattar 34 stølsanlegg med tilsaman:

48 stølshus	2 naust
12 ystehuer	1 jaktbu
38 løer	2 jervefeller
2 fjøs	12 bearbeida stiar
5 skjul	11 vardar
13 grise- kalvehus	9 vad
33 steingjerder	12 klopper
8 rydningsrøyser	8 bruer
1 elveforbygning	1 løypestreng
63 uteløer	
108 stakktufter	
4 særleg store og iaugefallande uteslåttar	
82 tufter etter hus	
9 hellerar	

I grenda er det to gardsbruk som har om lag ei komplett samling av hus som var på ein gard i eldre tid. Det eine gardsbruket er Havrevoll, gnr 51/1, der det er registrert 20 objekt. I evalueringsrapporten heiter det at : " Våningshusa ber preg av å ha blitt oppdaterte etter kvart som tida har stilt nye krav. Det er og sett opp ny driftsbygning på garden. Men elles er alle dei gamle husa tekne vare på med omsorg og omtanke. Dei er godt vedlikehaldne, og det er gjort på ein slik måte at det ikkje har gått utover opphavlege utsjånad. Sjølv små uteløer langt inne i heia er haldne ved like".

Det andre bruket er Bjørkenes, gnr 49/1, er det registrert 18 objekt. Dette bruket har to generasjonar med hus: Våningshus, driftsbygning, kalvahu, grisehus, smie, kvern, tørke, og 2 stølshus frå århundreskiftet 1700-1800. 2 våningshus, driftsbygning, høyløe, stabbur og 3 uteløer er i frå tida 1850-1875.

Gardane Tveit, gnr 50/1 og 2, og Austarå, gnr 52/2 har og mange eldre bygningar. Tveit har 20 registrerte objekt, medan Austerå har 14.

I heia er det registrert 23 uteløer og 7 stølshus, dette er det området i kommunen som har flest uteløer. Mange av løene er godt vedlikehalde sjølv om dei ikkje er i bruk i dag. Stølshusa har vorte tilpassa bruken i dag, og har også funksjon som hytte.

Her fylgjer eit oversyn over kulturminna i området som er særskilt verdifulle.

#### Våningshus

*Krets 1 L.nr. 26 "Gamlenilsbuo", Havrevoll, Hamrabø*

Huset står på garden Havrevoll, og er ein del av tunet der. Det vart bygd på 1700- talet og er den eldste forma for bustadshus, med berre eit rom. I SEFRAK- registeret er huset registrert som dregnstove.

#### Stabbur

*Krets 1 L.nr. 25, Stabbur, Havrevoll, Hamrabø*

Huset er bygd på 1700- talet, og er ein viktig del av miljøet på garden Havrevoll

#### Badstover

*Krets 1 L.nr. 30 Badstove, Havrevoll, Hamrabø*

Badstova høyrer til tunet på Havrevoll, og ligg rett attmed bekken. Huset er truleg bygd på 1700- talet.

#### Hus for storfe

*Krets 1 L.nr. 50 Kalvehus, Bjørkenes, Hamrabø*

Huset er tidfesta til 1700- talet, og står på Kallhagen ved tunet i Bjørkenes.

#### Hesthus

*Krets 1 L.nr. 27 Heststall, Havrevoll, Hamrabø*

Hesthuset på Hamrabø er tidfesta til midt på 1600- talet, men vart truleg bygd på Kleivo og flytta ein gong på 1850- talet.

#### Kvernhus

*Krets 1 L.nr. 28 Kvernhus, Havrevoll, Hamrabø*

Kverna er reist ein gong på 1700- talet, og den ligg ved bekken på tunet Havrevoll.

*Krets 1 L.nr. 46 Kvernhus, Bjørkenes, Hamrabø*

Kverna er truleg i frå 1700- talet, og ligg ikkje langt frå tunet på Bjørkenes. På same område ligg og ei tørke, om alt dette enno er intakt så har det stor pedagogisk potensiale.

#### Tørkehus

*Krets 1 L.nr. 47 Korntørke, Bjørkenes, Hamrabø*

Huset er truleg i frå 1700- talet. Tørka står like ved kverna på garden, og desse to saman med resten av garden har stort pedagogisk potensiale.

#### Stølshus

*Krets 1 L.nr. 36 Stølshus, Skiftli, Austarå, Hamrabø*

Stølshuset på " Skiftli" er i frå byrjinga av 1700- talet. Huset er sett saman av to delar, eit lafta stove og ei svål i bindingsverk.

*Krets 1 L.nr. 62 Stølshus, Skarstøl, Havrevoll, Hamrabø*

Den vestre bua, mjølkebua, er i frå 1700- talet, medan stova vart bygd rundt 1900. Mellom stova og bua er det ein gong av bindingsverk.

**Tabell 3 Fullstendig oversyn over husa i Hamrabø som er nemnde i kulturminneplanen for Suldal**

*Husa på garden*

Krets	Løpe nummer	Objekt	Stad
1	3	Stabbur	Austarå, Hamrabø
1	4	Eldhus	Haustarå, Hamrabø
1	5	Kvernhus	Austarå, Hamrabø
1	6	Korntørke	Austarå, Holane
1	7	Våningshus	Tveit, Hamrabø
1	9	Driftsbygning	Tveit, Hamrabø
1	11	Eldhus	Tveit, " Tveittadn", Hamrabø
1	13	Badstu	Tveit, Hamrabø
1	15	Våningshus	Tveit, Hamrabø
1	16	Smie	Tveit, " Tveitadn", Hamrabø
1	17	Sauehus	Tveit, Hamrabø
1	18	Våningshus	Tveit, Hamrabø
1	25	Stabbur	Havrevoll, Hamrabø
1	26	Våningshus	Havrevoll, Hamrabø
1	27	Heststall	Havrevoll, hamrabø
1	28	Kvernhus	Havrevoll, Hamrabø
1	29	Smie	Havrevold, Hamrabø
1	30	Badstove	Havrevoll, Hamrabø
1	31	Våningshus	Vikane, husmannsplass under Havrevoll, Hamrabø
1	32	Driftsbygning	Vikane, Hamrabø
1	40	Stabbur	Bjørkenes, Hamrabø
1	41	Våningshus	Bjørkenes, Hamrabø
1	42	Driftsbygning	" Bjørkenes", Hamrabø
1	43	Stabbur	Bjørkenes, Hamrabø
1	44	Smie	Birkenes, Bjørkenes, Hamrabø
1	46	Kvernhus	Bjørkenes, Hamrabø
1	47	Korntørke	Bjørkenes, Hamrabø
1	48	Driftsbygning	" Bjørkenes", Hamrabø
1	50	Kalvehus	Bjørkenes, Hamrabø
1	52	Kvernhus	Austarå, Hamrabø
1	63	Eldhus	Havrevold, " Skarstøl"
1	88	Sommarfjøs	Tveit, Hamrabø
1	94	Stabbur	Tveit, Hamrabø
1	95	Sauehus	Tveit, Hamrabø
1	96	Kvernhus	Tveit, Hagabrua, Hamrabø



### Miljø av uteløer

Krets	Løpenummer	Objekt	Stad
1	33	Utmarksløe	Austerå, Hamrabø, Nystølen
1	34	Utmarksløe	Austerå, Bjødnamyradne, Hamrabø
1	35	Utmarksløe	Havrevold, Takfærgli, Hamrabø
1	49	Uteløe	Birkenes, Bakkadn, Hamrabø, Bøaløo
1	54	Uteløe	Havrevold, Småskardet, Hamrabø
1	55	Uteløe	Havrevold, " Kringlevatn", Hamrabø
1	56	Uteløe	Havrevold, " Havrevold", Hamrabø
1	58	Uteløe	Havrevold, " Longhaug", Hamrabø
1	59	Uteløe	Havrevold, Hamrabø, Stovemyrløa
1	60	Uteløe	Havrevoll, " Vasstøl", Vasstølvatnet
1	61	Uteløe	Havrevol, Vasstøl, Vasstølvatnet
1	64	Uteløe	Tveit, " Austmanna", Stølen, Hamrabø
1	65	Uteløe	Birkenes, " Klamradn", Bjørkjenes
1	66	Uteløe	Birkenes, " Kidlen", Bjørkenes
1	68	Uteløe	Birkenes, " Bjørkenes", Hamrabø
1	69	Uteløe	Birkenes, "Borgarbuhaugen", Bjørkenes
1	71	Uteløe	Birkenes, " Borgarbuhaugen", Bjørkenes
1	73	Uteløe	Austerå, " Austarå", Hamrabø, ( Øystøl)
1	75	Uteløe	Austerå, Langedalen, Hamrabø
1	76	Uteløe	Birkenes, "Bjørkenes", Hamrabø
1	89	Uteløe	Tveit, Kilane, Hamrabø
1	90	Uteløe	Tveit, Kleivo, Hamrabø
1	91	Uteløe	Tveit, Dovamyro, Hamrabø

### Miljø av stølshus

Krets	Løpenr.	Objekt	Stad
1	36	Stølshus	Austarå, Hamrabø
1	37	Stølshus	Austerå, Skifli, Hamrabø
1	57	Stølshus	Havrevold, " Longhaug"
1	62	Stølshus	Havrevoll, Hamrabø
1	63	Eldhus	Havrevold, " Skarstøl", Skaravatnet
1	67	Stølshus	" Storemyr", Bjørkenes
1	70	Stølshus	Birkenes, Borgarbuhaugen
1	74	Stølshus	Austerå, Austarå, Hamrabø

## 6.2 Andre kulturminne

I Hamrabøvassdraget har Arkeologisk Museum i Stavanger registrert 47 lokalitetar ( Arkeologisk museum 1983- notat). Registreringane fordelar seg på 10 forskjellige kulturminnetypar: røys, tuft,

kullgrop, heller, kulturlag/ buplass, kullførande flate, gardfar/ innhegning, steinalderlokalitet, hellelagte område i ur og grop. Nokre av lokalitetane kan vera fornminne, men dette er ikkje stadfesta.

**Røyser** er den kulturminnetypen som er vanlegast. På Nyastøl, Svinstøl og Øystøl er det registrert mellom 8 og 14 røyser på kvar støl. Desse røysene ligg slik til at dei vert rekna for å vera rydningsrøyser i forbindelse med å laga slåttemark på stølsvollane. Røysene på Øystøl og Svinstøl kan ha smanheng med busetjing i vikingtida- middelalderen. Det er og registrert røyser i andre område, men då berre 1-2 røyser. Nokre av desse kan og ha komme til i nyare tid.

**Tufter** finnes det også mange av. Dei fleste har godt bevarte murar, slik at dei vert vurdert til å høyra til i nyare tid ( frå Borgarbuhaugen, Øystøl, Svinstøl, Borgarbu, Nyastølen og Slettedalen) og tuftene i frå Borgarbuhaugen, Øystøl Svinstøl og Slettedalen kan ikkje tidfestast. Berre på Øysøl og Borgarbuhaugen er det funne tufter som er vurdert som sannsynleg yngre jernalder- middelaldertufter.

**Gardfar og innhegningsområde** er det funne på Øystøl, Fossane, Borgarbu og i Slettedalen. Dei fleste vert vurdert til å tilhøyra nyare tid, men to steingardar på Øystøl kan ha samanheng med bruken av området i vikingtida- middelalderen.

Det er funne 9 **hellerar** i området. Ved Skardavatnet er det funne 4, i Slettedalen 2 og ved Kilavatnet 2. Det kan vera mogleg at helleren ved Kilavatnet vart brukt i forhistorisk tid/ middelaldern, men dei andre hellerane si brukstid er sannsynleg nyare tid.

**Kullgroper** i frå Øystøl, Borgarbu og Moltemyr antydar at det har vore aktivitet i forhistorisk tid. Kullgropa i frå Borgarbu kan vera i frå nyare tid då det ikkje finnes spor etter eldre tid.

**Kulturlag, buplass, trekullførande flate** er det funne ved Skardavatn, Moltemyr, Hestakvelven og ved Kilavatn, men det er uviss kva alder desse har.

Det er mogleg at det er ein **steinalderlokalitet** på stølsvollen på Øystøl. Det er funne flintavslag hogge med flatehoggingsteknikk og kvartsavslag. Flintavslaga antydar at området vart brukt i sen-neoliticum eller bronsealderen.

I ura ved tuftene ved Borgarbu er det funne eit **hellelagt golv**. Dette kan ha samanheng med tuftene som har komme til i nyare tid, eller dei er laga som utkiksplass i forbindelse med jakt eller pass av dyr.

To **groper** uten kull på Moltemyra kan verken funksjons- eller tidsbestemast.

### 6.3 Utvalde delobjekt

I fylkesplanen for kulturminne i Rogaland 1992 er utmarksområde i Hamrabøheia foreslått verna etter Naturvernloven som landskapsvernområde. Området utgjer eit samanhengjande utmarksområde med ei mengde kulturminne og bygningar som syner utmarksutnyttinga opp gjennom tidene. Områda som er foreslått er utmarksområda til gardane med stølar, slåttar, løer, tufter etc. er:

Austerå, gnr 45. med stølane Nyastøl, Skitli, Fossane og Kvannvatnet

Holane, gnr. 52. med stølane Moldbakkane, Tverrli, Øystøl, Moen og Kvannvatnet.

Bjørkenes, gnr 49. med stølane Bjørkestølen, Hovdestølen, Stormyr, Øystøl, Borgarbuhaug og Indrestøl

Havrevoll, gnr. 51. med områda Takfagerli, Longhaug, Vasstøl, Skardstøl, Nyastøl og Fossastøl.

Tveit, gnr. 50. Med områda Svinstøl, Skardet, Litlestøl, Moltemyr, Austmannadal og Slettedal

I Hamrabø er 5 kverner, 3 tørkehus, 1 kombinert tørke/ kvern og 1 sag på gardane 49-52 foreslått verna. Ved utløpet av åna i Suldalsvatnet, Lali, er også eit verdifullt naustmiljø med kai foreslått verna.



**Figur 6.1**Den gamle kaien ved Lali, utløpet av Hamrabøåna i Suldalsvatnet. ( Foto: Elin Tjordan Haugen)

## 7 LANDBRUK

### 7.1 Busetjing

Vegetasjonshistoriske undersøkingar syner at det har vore husdyr som har beita i Hamrabøheia alt før yngre steinalder, dvs 3500 f. Kr ( Høgestøl og Prøsch- Danielsen 1986, Selsing 1983). Dei mange kulturminna i heia vitnar om stor aktivitet på 1800- talet då stølinga byrja å ta seg opp.

Det er seks gardar i Hamrabø i dag, fire av desse vert drivne som sjølvstendige bruk. Eit bruk vert drive i frå Nesflaten og det siste bruket paktar vekk jorda.

Hamrabø vert karakterisert som ei bygd som er i live, med aktivt jordbruk, folk på gardane og et kulturlandskap som er i drift. Gardbrukarane i bygda er interessert og levande opptekne av at Hamrabø som ei landbruksgrænd skal overleva. Dei er opptekne av å dyrka jorda og fø dyra på garden, på tross av at landbruket i dag er marginalt. Alle bøndene her ynskjer at heile familien kan leva av garden. Dersom ein skal ein driva gardsbruk er det godt å vera to om drifta på garden. Dyrking av nye areal, bygging av landbruksveggar og nye driftsbygningar syner at brukarane ynskjer at neste generasjon vil overta når det vert deira tur. Det som først og fremst trugar dei kulturhistoriske verdiane i jordbrukslandskapet er at gardsdrifta vert lagt ned.

## **7.2 Produksjon og næringsgrunnlag**

I grenda Hamrabø er det om lag 500 daa fulldyrka jord. Av dette utgjer fulldyrka arealer 147 daa, overflatedyrka 152 daa og gjødsla beite utgjer 238 daa. Det meste av marka ligg brattlendt til, så det er tungt å driva .

Bruka driv for det meste med mjølk og saueproduksjon, men dei har og kjøttfe og slaktegris.

Fjellbeita i Hamrabøheia er særskild verdifull som beite til sau og kviger. Tidlegare vart heile heia brukt til beite og slått, noko som alle utløene i området vitnar om. Slåtten i Hamrabøheia strekte seg i frå Kvannvatn i vest, til Slettedalen i nord og Skaravatnet i aust (Vik 1971). Alle gardane hadde fleire stølar som vart knytta til geit og ku. I følge Noregs Fjellbeiter ( Vik 1971) har Hamrabø- og Utigardsheia fått ein beiteverdi på 7.5, som er mykje godt beite.

Dei fleste av brukarane ynskjer å halda fram med tradisjonell drift, men det ser ut til at dei ser vasskrafta som eit potensiale. I tillegg til Sveinung Havrevoll sitt mikrokraftverk i Hamrabøåna er det og planar om å laga til eit kraftverk i Tverråna

## **8 AKTUELLE TRUGSMÅL**

Tiltak som kan komma i konflikt med verneverdiane i vassdraget er knytt til landbruket ved dyrking av nye areal og opparbeiding av nye landbruksvegar. På den andre sida er den største trusselen mot dei kulturhistoriske verdiane i jordbrukslandskapet knytt til nedlegging av bruka. Kulturlandskapet i Hamrabø er avhengig av skjøtsel i frå landbruket. Sauer og ungdyr på beitet er med på å pleia landskapet slik dei har gjort sidan tida det var støling innover heia. Beitetrykket i frå desse er med på å forhindra at landskapet gror att, og kulturminna gror ned.

For å utnytta utmarka betre har det vore bygd to nye landbruksvegar dei siste åra. Formålet med desse er å kunne dyrke meir jord. Potensielle dyrkingsområde er det ved Kilavatnet, og eit område ved Takfagerli. Det er også eit ynskje om å laga veg ved Tverråna for å lettare ta ut bjørkeved. Ein veg på andre sida av Hamrabøåna vil også lette framkomsten til eit regulert hyttefelt i nærleiken av Moldbakkane.

Det er planar om å oppretta eit kraftverk i Tverråna, dette vil sannsynleg ta vatn av elva eit lite stykke.

## **9 MANGLANDE KUNNSKAP**

Vassdraget er relativt godt kartlagt med omsyn til dei ulike verne- tema. Det temaet ein kunne ha utarbeida betre er jordbruk. For at kulturlandskapskvalitetane skal kunna takast vare på burde ein vurdere korleis ein gjennom landbruksdrifta kan skjøtta området slik at det ikkje gror att.

## 10 LITTERATUR

- Arkeologisk Museum i Stavanger. 1983. Merknader til arbeidet med registreringar i Kvanndalen og Hamrabøvassdraget, Suldal kommune i tidsrommet 19-24.06 og 31.07-12.08-83.
- Bjørklund, A., Johnsen, G. H., Kambestad, A., Åtland, Å. 1992. Vannkvalitet og vannforsyning. Konsekvensutredninger for Saudautbyggingen. Rådgivende Biologer. ENCO Rapport nr. 72, 1992.
- Fjeldstad, H., Mikkelsen, P., Melby, M. W. 1992. Saudaprojektet. Temarapport friluftsliv. Økomod rapport 1992:5. ENCO Environmental Consultants a.s.
- Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga. 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland. Del A og B.
- Hettervik, G. K. 1996. Vakre landskap i Rogaland. Rogaland Fylkeskommune. 197 s.
- Hoftun, H. 1971. Gamle Suldal. Gards- og ættesoge. Suldal kommune 1972. 717s.
- Høgestøl, M., Prøsch- Danielsen, L. 1986. Trinnvis økende bruk av et heiområde på grensa mellom Sauda og Suldal.
- Håland, A., Ugelvik, M. 1990. Verneplan IV. Ornitologisk evaluering av 10 vassdrag i Rogaland.. Rapport terrestrisk økologi nr 54. Zool. Mus. UIB.
- Lien, I. K. 1991. Verneplan IV- fisk, Rogaland. Direktoratet for Naturforvaltning.
- Myhre, A. M. 1996. Verneverdige hus i Suldal. Ein rapport om registrering av faste kulturminne i Suldal. Kon- Sul. 64 s.
- NOU 1991. Verneplan for vassdrag IV. Norges Offentlige Utredninger 1991: 12 A, B.
- Odden, A. - samlerapport
- Odland, A. 1993. Botaniske undersøkelser i forbindelse med Saudautbyggingen. NINA Utredning 39: 1-36.
- Pallesen, P., F., Hauge, K., O. 1984. Samla plan for vassdrag. Utbyggingsplaner og konsekvenser. 167 Lingvang/Tengesdal/ Hamrabø.
- Raddum, G. G., Fjellheim, A. 1990. Verneplan IV: Ferskvannsbiologisk vurdering av vassdrag i Rogaland. Univ.i Bergen, Zoologisk museum. Rapport nr 69.
- Rogaland Fylkeskommune. 1989. Fylkesplan for kulturminne. Rogaland Fylkeskommune, Fylkeskulturstyret 1989.
- Rye, N., Sulebak, J.R., Soldal, O. 1991. Verneplan IV for vassdrag. Geofaglige undersøkelser i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Geologisk institutt, avd. B, Rapport 91/01.
- Ryfylkemuseet 1997. Kulturminne i Suldal. Forslag til kommunedelplan for kulturminnevern i Suldal kommune.
- Selsing, L. 1983. Vegetasjonshistorisk rapport fra Hamrabø.
- Sigmond, E. M. O. 1978. Sauda. Beskrivelse til det berggrunnsgeologiske kartbladet Sauda 1: 250.000. Norges geol. Unders. 341, 1-94.
- Stavanger Turistforening. 1998. Draging mot Skaulen. Stavanger Turistforenings Årbok 1997. 199 s. Suldal kommune. 1998. Viltkart
- Vik, E. 1952. Oversyn over fjellbeite i Rogaland. Norske Fjellbeite, bind VIII. Det KGL. Selskap for Norges Vel. 1952. 126s.
- Aase, J., Ulsnæs, T. 1992. Saudaprojektet. Registrering av konflikter med utbyggingsplanene. ENCO Environmental Consultants a.s
- Åtland, Å., Kambestad, A. 1992. Fisk og fiskeinteresser. Konsekvensutredninger for Saudautbyggingen. Rådgivende Biologer. ENCO Rapport nr. 71, 1992.

## 11. KRITERIER NYTTA I RAPPORTEN

Rapporten omhandlar fylgjande vernetema:

Kap. 1.0 Prosessar forma av is og vatn

Kap. 2.0 Biologisk mangfald

Kap. 3.0 Landskapsbilete

Kap. 4.0 Friluftsliv

Kap. 5.0 Kulturminner- vert ikkje gradert

### Graderingsprinsipp

#### 1. *Prosessar og former forma av vatn og is.*

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

a) minimum eit hovudkriterie <sup>1</sup> med nasjonal/ internasjonal kjente verdjar,

b) alternativt minimum tre hovudkriterier

\*\* Regionalt viktig verdi

a) to hovudkriterie + minimum eit støttekriterie

\* Lokalt viktig verdi

a) minimum eit hovudkriterie

#### 2. *Biologisk mangfald*

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

a) eit eller fleire dokumenterte nasjonal/internasjonal verdi,

b) minimum to hovudkriterier + minimum to støttekriterier

\*\* Regionalt viktig verdi

a) to hovudkriterier

\* Lokalt viktig verdi

a) minimum eit hovudkriterie

#### 3. *Landskapsbilete*

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

a) minimum eit hovudkriterium med nasjonal/ internasjonal kjente verdjar,

b) minimum to hovudkriterier + minimum to støttekriterier

\*\* Regionalt viktig verdi

a) minimum to hovudkriterier

\* Lokalt viktig verdi

a) Minimum eit hovudkriterie.

#### 4. *Friluftsliv*

\*\*\* Nasjonalt viktig verdi

a) Eit eller fleire dokumenterte nasjonale/internasjonale verdjar, eller

b) Minimum 2 hovudkriterier + minimum eit støttekriterie.

\*\* Regionalt viktig verdi

a) To hovudkriterier, eller

b) Minimum to støttekriterier med regional verdi.

\* Lokalt viktig verdi

a) Minimum eit hovudkriterie.

Minimum eit støttekriterie.

---

<sup>1</sup> Definisjon av kriteriene finnes i ”Dokumenterte verdier i verna vassdrag –En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon” og som finnes hos fylkesmannens miljøvernaving. (jfr. tabell i kap. 2.3, 3.6, 4.4, 5.4)

## 12 TEMAVISE KART

### Kart 1. Differensiert forvaltning

### Kart 2 Kwartærgeologi, oversikt over delområde:

Nr	Namn delområde	Objekt	Grad	Hovud kriterium					Støtte kriterium			
				Urørt	Historisk-dokument	Mang-fald	Typisk	Sjeldan	Sårbar	Del av system	Forsking	Pedagogisk
1	Hamrabø	elveslette	*			*						*
2	Svartavatnet	avsetjing	*	*								
3	Svinstølen	drumlin	*		*							
3	Borgarbu	terasse	**	*	*							*

### Kart 3. Biologisk mangfald, oversikt over delområde:

Nr	Namn delområde	Objekt	Grad.	Hovud kriterium				Støtte kriterium				
				Urørt	Sårbar	Sjeldan	Variasjon Mangfald	Biologisk-funksjon	Areal - storleik	Forsking	Pedagogisk	
1	Hamrabø/Lali	Slåttemark	**			*	*	*				*
2	Kilavatn	Vassveg.	*				*	*				
3	Svinstøl	Vegetasjon	*				*					

### Kart 4. Landskap, oversikt over delområde:

Nr	Namn delområde	Grad.	Hovud kriterium				Støtte kriterium				
			Heilskap	Inntrykksstyrke	Variasjon	Sårbar	Urørt	Sjeldan/Særpreg	Typisk	Historisk-dokument	
	Hamrabø-vassdraget	***	*	*	*		*				

### Kart 5. Friluftsliv, oversikt over delområde:

NR	Navn delområde	Grad	Hovudkriterier				Støttekriterier		
			Urørt	Oppleving	Eigna	Bruken i dag	Tilgjengeleg	Naturkvalitet	Kulturkvalitet
	Hamrabø-vassdraget	***		*	*			*	*


### Kart 6. Kulturminne

### Kart 7. Inngrepssrie områder

# Differensiert forvaltning Hamrabøvassdraget

Kart 1


Herita i frå Kommuneplan for Suldal 1998- 2010





# Hamrabøvassdraget Kvartærgeologi

Kart 2



## Teiknforklaring


-  Lokal verdi
-  Regional verdi

Målestokk 1: 40 000



# Hamrabøvassdraget

## Biologisk mangfold

Kart 3




### Teiknforklaring

-  Lokal verdi
-  Regional verdi

Målestokk 1: 40 000

# Hamrabøvassdraget Landskap

Kart 4




## Teiknforklaring

- Eldre bygg registrert i SEFRAK

Målestokk 1: 40 000

# Hamrabøvassdraget Friluftsliv

Kart 5




**Teiknforklaring**

	Fiskevatn
	Kulturminne, eldre bygg frå Sefrak
	Tursti
	Nasjonalt verdi

N  
  
Målestokk 1: 40 000

# Hamrabøvassdraget Kulturminne

Kart 6




## Teiknforklaring

- ▲ Arkeologiske funn
- Setrak

Målestokk 1: 40 000

# Inngrepsfrie område Hamrabøvassdraget

Kart 7



Målestokk 1: 40 000

## Teiknforklaring

- >5 km fra inngrep
- 3-5 km fra inngrep
- 1-3 km fra inngrep

## Vedlegg

Artliste for fugl i Hamrabøvassdraget ( Håland og Ugelvik 1990)

Smålom  
Gråhegre  
Kongeørn  
Hønehauk  
Fjellvåk  
Jaktfalk  
Dvergfalk  
Lirype  
Orrfugl  
Storfugl  
Heilo  
Vipe  
Strandsnipe  
Rugde  
Enkeltbekkasin  
Gjøk  
Hubro  
Vendehals  
Gråspett  
Grønnspekk  
Svartspett  
Låvesvale  
Taksvale  
Trepipplerke  
Heipipplerke  
Linerle  
Tornskate  
Stær  
Kråke  
Ravn  
Sidensvans  
Gjerdsmett  
Jernspurv  
Gulsanger  
Hagesanger  
Løvsanger  
Fuglekonge  
Grå fluesnapper  
Svart- kvit fluesnapper  
Buskskvett  
Steinskvett  
Rødstrupe  
Blåstrupe  
Gråtrost  
Ringtrost  
Svarttrost  
Rødvingetrost  
Måltrost  
Granmeis  
Toppmeis

# Oversikter over rapporter

## "Verdier i Vernede Vassdrag"

- 1998 - 1 Verdier i Norddalselva,  
Åfjord kommune i Sør-Trøndelag
- 1999 - 1 Verdier i Opo m/Låtefoss,  
Odda kommune i Hordaland
- 1999 - 2 Verdier i Stryne- og Loenvassdraget,  
Stryn kommune i Sogn og Fjordane
- 1999 - 3 Verdier i Oldenvassdraget,  
Stryn kommune i Sogn og Fjordane
- 2000 - 1 Verdier i Gautefallvassdraget,  
Drangedal og Nissedal kommuner i Telemark
- 2000 - 2 Verdier i Unsetåa, Rendalen,  
Tynset og Tolga kommuner
- 2000 - 3 Verdier i Hamrabøvassdraget,  
Suldal kommune i Rogaland
- 2000 - 4 Verdier i Høievassdraget,  
Tysvær kommune i Rogaland
- 2000 - 5 Verneverdier i Nitelva,  
Nittedal, Skedsmo og Rælingen  
kommuner i Akershus fylke
- 2000 - 6 Verdier i Norddalsvassdraget,  
Suldal kommune i Rogaland
- 2000 - 7 Verdier i Hålandsvassdraget,  
Suldal kommune i Rogaland
- 2000 - 8 Verdier i Vikedalsvassdraget,  
Vindafjord kommune i Rogaland
- 2000 - 9 Verdier i Gvetaåi,  
Nore og Uvdal kommune i Buskerud
- 2000 - 10 Verdier i Skrimfjellområdet,  
Kongsberg kommune i Buskerud,  
Sauherad og Skien kommuner i Telemark
- 2000 - 11 Verdier i Vergja,  
Nore og Uvdal, Rollag og Sigdal kommuner  
i Buskerud
- 2000 - 12 Verdier i Ogna,  
Steinkjer kommune i Nord-Trøndelag
- 2000 - 13 Verdier i Rolv,  
Nore og Uvdal, kommune i Buskerud



- 2000 - 14 Verdier i Sørkjeåi,  
Rollag kommune i Buskerud og Tinn kommune i Telemark
- 2000 - 15 Verdier i Vannsjø-Hobølvassdraget,  
Moss, Sarpsborg, Spydeberg, Skiptvedt, Råde, Rygge  
Våler og Hobøl kommuner i Østfold og Akershus fylker
- 2000 - 16 Verdier i Austbygdåi, Tinn kommune i Telemark
- 2000 - 17 Verdier i Hornsbekken, Gol kommune i Buskerud
- 2000 - 18 Verdier i Skogshornområdet, Gol kommune i Buskerud
- 2000 - 19 Verdier i Grønndøla, Gol kommune i Buskerud
- 2000 - 20 Verdier i Mørkedøla, Gol kommune i Buskerud
- 2000 - 21 Verdier i Fuglevågsvassdraget,  
Smøla kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 22 Verdier i Årgårdsvassdraget,  
Namdalseid og Verran kommuner i Nord-Trøndelag
- 2000 - 23 Verdier i Hjelsteinselva,  
Vestnes kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 24 Verdier i Gjela, Aure kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 25 Verdier i Toåa, Surnadal kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 26 Verdier i Norddalselva, Norddal kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 27 Verdier i Søya, Surnadal kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 28 Verdier i Ålvundelva, Sunndal kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 29 Verdier i Salsvassdraget, i Nord-Trøndelag
- 2000 - 30 Verdier i Solnørelva, Skådje, Ørskog og Vestnes kommuner i Møre og Romsdal
- 2000 - 31 Verdier i Todalsvassdraget, Aure kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 32 Verdier i Bygdaelva, Stranda kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 33 Verdier i Stigedalselva, Volda kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 34 Verdier i Visa, Nettet kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 35 Verdier i Bondalselva, Ørsta kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 36 Verdier i Norangelva, Ørsta kommune i Møre og Romsdal
- 2000 - 37 Verdier i Etnavassdraget, Nordre Land, Etnedal, Sør-Aurdal,  
Nord-Aurdal og Øystre Slidre kommuner i Oppland
- 2000 - 38 Verdier i Gausa og Espedalsvatn/Breisjøen, Lillehammer,  
Gausdal, Øyer, Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron kommuner i Oppland
- 2000 - 39 Verdier i Taumevassdraget, Sirdal kommune i Vets-Agder

## Se også

Forvaltning av vernede vassdrag 1995. Informasjonsperm utgitt av Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrag- og energidirektorat, mars 1995.


Norges vassdrag- og energidirektorats hjemmeside: <http://www.nve.no>

Direktoratet for naturforvaltnings hjemmeside: <http://www.naturforvaltning.no>

Utgitt i samarbeid mellom Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrag- og energidirektorat



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat



Fylkesmannen



## Verdier i vernede vassdrag

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i felles skap arbeidet med et prosjekt for å gjøre kunnskapen om vernede vassdrag lettere tilgjengelig for kommuner og andre som forvalter vassdragsnære områder. "VVV-prosjektet" skal dokumentere og gjøre verdiene i vassdraget mer synlige. Målet er at alle som plan legger arealbruk eller inngrep i et vernet vassdrag, først skal vite hvilke verneverdier som finnes der. På denne måten regner DN og NVE med at skadelige inngrep i større grad blir unngått.

TE 881

ISBN 82-7072-388-6

ISSN 1501-4851